

NO MED KRYSSORD!

SIDE 19

KRINGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN

NUMMER 3 2018

LOVLEG: – Firda VGS gjev eit perfekt utgangspunkt for ein tv-serie, seier manusforfattar Kjersti Wøien Håland. SIDE 12

MINNEORD: “Vi er mange nynorskbrukarar i NRK som står på skuldrane til Olga Meyer.” SIDE 12

Best på sparket

– Dei beste sakene eg lagar, er dei sakene der eg er dårlegast førebudd, seier Harald Thingnes.

SIDE 6



KRINGOM

**MEDLEMSBLAD
FOR KRINGKASTINGS-
RINGEN.**

REDAKTØR
Kjartan Helleve

KORREKTUR
Karl Peder Mork

BLADBUNAD
Kjartan Helleve

TRYKK
Mercur Grafisk AS

OPPLAG
1100

KONTAKT
post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen
Pb. 9161 Grønland
0134 Oslo

23 00 29 50

www.kringkastingsringen.no

MEDLEMSKAP

Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemmer gjev større gjennomslag. Melder du deg inn no, gjeld medlemskapen ut 2019. Du kan melda deg inn på heimsida eller ved å vippsa 300 kr til #515993. Medlemmer under 30 år betaler 150 kroner.

BLI MED!

INNHALD

10

18

16

Lovleg

INNHALD

- 3 Leiar
- 4 Nytt
- 6 Intervju: Harald Thingnes
- 10 Intervju: Kjersti Wøien Håland
- 12 Bakgrunn: NRK og mangfaldet
- 15 Minneord: Olga Meyer
- 18 Reprise: Vestavind
- 19 Kryssord

GURO KVALNES

STYRELEIAR

gurokvalnes@hotmail.com

Det er den tida på året att. I tak med at haustlauva gulnar på treea så tel makta på knappane sine og ser kor mange dei kan dele ut til ulike føremål. Ekstra stor spenning var det knytt til årets budsjett hjå nynorskorganisasjonane med ein kulturminister frå Venstre. Skuffelsen var difor stor for mange då me såg tala.


Rett nok var det fleire ljospunkt for nynorsk som skriftkultur i årets framlegg til statsbudsjett. 8,4 millionar ligg inne til Nynorsk kultursenter i Vinje, 1 millon meir til digital satsing hjå Samlaget, og Landssamanslutninga av nynorsk kommunar har fått fast plass på kulturbudsjettet.

Men for nynorsken som mediespråk er det mindre grunn til jubel. Regjeringa legg for det første opp til å auka lisensen med 61 kroner. Auken er mindre enn det NRK hadde håpa på og mindre enn løns- og prisveksten elles i samfunnet. Dette uroar Kringkastingsringen. Svekkjing av allmennkringkastaren betyr også dårlegare kår for nynorsken i etermedia og på nett. Kringkastingsringen ser at NRK er heilt avgjerande for gjennomslaget til nynorsken i det norske medielandskapet. Difor vonar me at Stortinget si handssaming ser det som naudsynt å oppjustere lisensnivået til det nivået NRK sjølve har signalisert at det bør liggje på.

Vidare hadde Nynorsk pressekontor i det lengste vona at deira satsing på nynorskrobot skulle bli prioritert. Roboten er eit samarbeid mellom NTB og Nynorsk pressekontor, og skal kunne omsetja alle tekstar til nynorsk. Målet er

å gjera nynorsken meir tilgjengeleg. Men NPK får ikkje auke i støtta til nynorskroboten. Ei heller er det sett av midler til eit løft for nettavisa framtida.no.

Samla sett teiknar det seg med andre ord eit negativt bilete for nynorsk som nettspråk. Meir enn nokon sinne er det difor Kringkastingsringen si oppgåve å rette søkeljoset mot betydninga av nynorsk som mediespråk. 15. november inviterer me difor til open kveld på Litteraturhuset i Oslo. Temaet for kvelden er sjølvsgatt nynorskdelene på nettsidene til NRK. Allmennkringinga har i ei rekkje år levert dårlege tal for nynorsk på nett, og med tanke på tendensen som teiknar seg i framlegget til statsbudsjettet er det heilt openlyst at NRK må dra sin del av lasset for at nynorsk i nettavisa skal vere eit gjeldande og levande mediespråk. Me vonar me ser deg der!



Svak TV 2-avtale

– For såpass mykje pengar burde språkkrava til TV 2 vore tydlegare, seier **Guro Kvalnes**, leiar i Kringkastingsringen.

TV 2 og Kulturdepartementet signerte i august ein avtale om at kanalen skal drive kommersiell allmennkringkasting neste fem åra. Avtala seier m.a. at minst halvparten av programma skal vera norsk-språklege, at baa språkformene skal nyttast og at hovudredaksjonen skal liggja minst 100 kilometer frå Oslo. For krava departementet har lagt inn i avtala, skal kanalen kompensert med opp til 135 millionar kroner i året.

– Det er sjølvsgatt bra at det står noko om norsk språk i avtalen, men det er skuffande at den ikkje er meir konkret. Det burde stått noko om at nynorsk skal nyttast i alle programformer og at den skal vera synleg på nettsida. Særleg gjeld dette innhald som er retta mot born og unge, seier Kvalnes.

Ho seier at TV 2 har vore flinke til å nytta både nynorsk og dialekt, men meiner at dette var eit godt høve til å avtalefesta denne praksisen. Ho er overraska at samisk ikkje er nemnd i det heile.

– Med ein såpass diffus avtale, skulle det ha vore lett å få med noko om samisk språk. Det er vanskeleg å sjå at TV 2 kjem til å prioritera dette når departementet ikkje tek det med i denne avtala, seier Kvalnes.

– Om ein vedtek ein plan, så må ein fylgja den opp

Kringkastingsrådet har hatt møte om mangfaldet i NRK. **Magni Øvrebotten** var ikkje heilt overtydd om at planen å bruke meir nynorsk i NRK går på skinner.

– Det er min påstand at me har nok planar og tiltak for å auka nynorskprosenten, men me må bruka dei, sa Magni Øvrebotten, leiar for Nynorsk Mediesenter.

– Men om ein vedtek ein plan, så må ein fylgja den opp. Eg trur ikkje det står på vilja, men meir at det ikkje er noko medvit om dette, sa Øvrebotten, som også hadde med seg råd til NRK-leiinga om korleis ein kunne auka nynorskprosenten.

– Vil me ha tjuefem prosent nynorsk i NRK, så

må me tilsetja nynorskbrukarar. Det må bli sett på som ein kvalifikasjon å kunna nynorsk, når det elles er like vilkår, sa Øvrebotten.

Mediedirektør i NRK, Marius Lillelien, var samd i at utviklinga hadde gått i feil retning dei to siste åra.

– Det har vore ein nedgang i bruk av nynorsk, og det er ikkje godt nok, fortalde han Kringkastingsrådet.

– Difor har me sett i gang tre konkrete tiltak for å betre situasjonen. For det fyrste vil leitar me etter fleire nynorskskrivande journalistar til NRK.no, både eksternt og internt. Det same gjeld for tilsetjingar i P2, som er den kanalen som kjem dårlegast ut i målingane. Og til sist kjem me til å auka nynorsktekstinga, sjølv om me ligg ganske godt an der, sa Lillelien.



DANMARKS RADIO MÅ KUTTA

Ein politisk hestehandel enda med at Danmarks Radio må kutte utgiftene med tjue prosent i løpet av tre år. Danskane mister no tre tv-kanalar og tre radio-kanalar. I vinter var **Thor Gjermund Eriksen** mellom dei ti europeiske kringkastingsjefane som skreiv under eit opprop mot dei varsla kutta.



Møte med KUD

Kringkastingsringen hadde i august møte med statssekretær **Frida Blomgren** (bi-letet) i Kulturdepartementet. Mellom emna som vart tekne opp, var den skrale nynorskprosenten på nrk.no, ekstern rekruttering i NRK og NRK sin posisjon i media-Noregs.

- Eit veldig fint og positivt møte, meinte styreleiar Guro Kvalnes i etterkant.

Lagar nynorskrobot

NTB og nynorsk pressekontor held no på å utvikla ein «nynorskrobot» som skal kunne omsetje alle tekstar til nynorsk. Målet er å gjere nynorsken meir tilgjengeleg.

- Det hadde vore eit kjempeløft for nynorsk i media om dette fungerer. Det vil gjere nynorsk meir tilgjengeleg og synleg i media, og det er det vi jobbar for kvar dag, seier **Karoline Riise Kristiansen**, redaktør i Nynorsk pressekontor.

I samarbeid med nyheitsbyrået NTB, er NPK i startgropa av eit prosjekt som skal utvikle ein «robot» som skal omsetje tekstar frå bokmål til nynorsk.

Direktør i NTB, Geir Terje Ruud, meiner dette kan frigjere tid og ressursar for Nynorsk pressekontor, som i dag bruker mykje tid på å omsetje byråstoff til nynorsk.



Foto: NPK

- Det er positivt, for da kan NPK bruke meir tid på å lage anna type innhald på nynorsk, seier han i eit intervju med Medier 24.

Utviklarar hos NTB jobbar med å lage algoritmen som skal utføre omsetjingane. Med hjelp av over 40.000 artiklar som allereie finst på begge målformer, skal roboten lære kva som er god nynorsk. Målet er å gjere journalistikken meir tilgjengeleg på nynorsk.

(Framtida.no)

Ny dagleg leiar



Kjartan Helleve har tek over som dagleg leiar i Kringkastingsringen etter Anne Svanaug Straume. Straume skal halde fram med juss-studia og ho ser fram til å kunne nytta all si tid på å dukke ned i lovverket.

- Du er eit makalaust arbeidsjern, sa Guro Kvalnes då Straume vart takka av.

- Me er særst nøgde med det arbeidet du har lagt ned for organisasjonen og ynskjer deg lukke til med studia, sa Kvalnes.

Helleve har lang erfaring frå målrørsla, både utoverretta politisk arbeid og informasjonsarbeid. Han har mellom anna hatt ansvar for Norsk Tidend for Noregs Mållag.

- Kjartan Helleve er ein kapasitet med inngående kjennskap til rørsla og organisasjonen. Me er veldig glade for at han ville bli ein del av laget, sa styreleiar Guro Kvalnes.



Fortelja

Solveig Barstad og
Harald Thingnes
i Aasen-tunet.

INTERVJU

**HARALD
THINGNES**

Vinnar av Kultur-
departementet sin
nynorskspris for
journalistar

– Thingnes sine ord og bilete smeltar mange gonger saman til rein forteljarkunst. Thingnes har eit overskot av humor og forteljarglede som når langt fleire enn dei mest sportsinteresserte.

ar kunst

Juryleiar Solveig Barstad sparde ikkje på godorda då ho delte ut Kulturdepartementet sin nynorskspris for journalistar i sommar. Harald Thingnes takka for heideren.

– Eg heldt på med på å pusse opp heime, var heilt inne i den bobla, og hadde like før snakka med ein røyrlleggjar som hadde ambisiøse planar for kjellaren min. Eg forstod ikkje alt han sa, men nok til å skjønne at dette vart dyrt. Minuttet etter ringde altså Barstad for å seie at denne prisen er på mellom anna 50.000 kroner. Då vakna eg. Dette var TV2 Hjelper

deg på sitt absolutt beste, sa Thingnes til dei frammøtte i Aasen-tunet.

Då eg møter Thingnes ei stund etterpå, er han framleis audmjuk over å ha fått utmerkinga.

– Eg er sjølvstolt glad og stolt over at eg fekk denne prisen, seier han.

– Samstundes er det mange som er flinkare, og eg tykkjer sjølv at eg ikkje er så flink med ord. Men eg var glad for at juryen la vekt på koplinga mellom tekst og bilete, for det er moglegvis der styrken min ligg. Eg elsker å skriva dårlege bilete gode. Det er i det uperfekte eg finn

– Å koma inn i redaksjonen på slutten av 90-talet var heilt absurd. Brått skulle eg arbeida med Arne Scheie, Jon Herwig Karlsen og Kjell Kristian Rike.

inspirasjon, det er der eg finn ting eg kan nytta i teksten. Dei beste sakene eg lagar, er dei sakane der eg er dårlegast førebudd. Det tvingar meg til å leite etter originale vinklar og bakgrunnar, noko eg kan finne der og då. Dei sakene blir ofte levande og betre visuelt. Det er kjekt å reise verda rundt, men det er utruleg artig å halda med slikt i kvardagen.

SJØLV OM Harald Thingnes har arbeidd i NRK Sport i tjue år, vil dei fleste tenkje på han som «ein av dei nye». I 1998 var NRK-monopolet over, internett var kome og mediemangfaldet vart stadig større. Trass i fast jobb i eit av dei alle meste populære fjernsynsprogramma, har han aldri blitt så kjend som dei gamle NRK-travarane.

– Å koma inn i redaksjonen på slutten av 90-talet var heilt absurd. Brått skulle eg arbeide med Arne Scheie, Jon Herwig Karlsen og Kjell Kristian Rike, folk som hadde vore med meg heile oppveksten. Heldigvis var dei utruleg hyggjelege og støttande folk. Men det var eit generasjonsskifte på gang,

der dette store tankskipet måtte endre kurs. Det måtte koma inn nye folk, som skulle erstatta dei uerstattelege, seier Thingnes.

Samstundes skulle redaksjonen leggja om arbeidet sitt, og tilpasse seg dei nye tidene. Då Thingnes starta i NRK var Radiosporten ein heilt eigen redaksjon som sat i eit anna hus og var helst sett på som ein konkurrent. No er redaksjonane samkøyrde.

– Det har også vore eit løft å måtta levera stoff til nettsidene, men eg tykkjer det har gått ganske bra. Tankskip er moglegvis ikkje så lette å snu, men dei er vanskeleg å stoppa når dei fyrst har kome i siget, seier Thingnes.

DENNE ENDRINGSVILJA kan også gå for langt. Det er fort gjort å kasta ut alt det gamle og treige for å rydda plass til det moderne og raske.

– Me er i eit grenseland. Publikum endrar seg, og me kan ikkje halda fram med å syna sport slik me har gjort i alle år. Mange vil aldri koma på å skru på Sportsrevyen søndag kveld, så då må me

prøva å nå dei på andre måtar. Ta t.d. ei sending frå ein eller annan friidrett-meisterskap. Skal me syna alle sleggjekasta slik at entusiastane får sitt, eller skal me bryta opp sendinga med innslag som kan appellere litt breiare? Dette er noko me heile tida må vurdera. For nokre år sidan skipa me til eit seminar for å sjå nærare på langrennsendingane, me hadde ei kjensle av å gjera det same kvar helg, me berre snudde bunka. Ein av dei som snakka var Jon Almås, som er svært langrennsinteressert. Han sa at det var akkurat rutinen han ville ha. Det skulle vera slik det alltid hadde vore. Men som sagt, så er det ein hårfin balanse dette, seier Thingnes.

TIDLEGARE VAR DET betre tid til eit skikkeleg referat, også på fjernsynet. Men med eit høgare tempo er det ikkje mykje ein får plass til.

– Ja, eg eg kan ta meg i å sakna eit skikkeleg referat, men det er det sjaldan plass til. Nokon kan spørje om kva vinklinga på saka er, og då tenkjer eg stundom: Kva med på vinkle på kven som vann kampen? Men ofte endar me



med å fokusere på ein person i staden.

– «Kva føler du no?»

– Nettopp, der er jo kronklisjeen. Men i eit referat frå eit langrennsløp, så får ein mogelegvis plass til eitt einaste sitat. Vil du då ha svaret på korleis utøvaren opplever å endeleg stå på toppen av pallen, eller vil du ha svaret på kva klister vedkommande hadde under skia?

Men dette er noko me stadig pratar om i redaksjonen, og om du tok det opp i lunsjen, kunne me ha sete der til i morgon tidleg utan å bli samde.

På same måte som det finst klisjéspørsmål, finst det også klisjévar. Thingnes er litt forbløffa over at så mange

av utøvarane tykkjer dei er så skumle at dei må ty til standard svar.

– Utøvarane er best medan dei er heilt ferske, før medierådgjevarane får tak i dei. Då kan det vera litt liv i intervju. Når det er sagt, kan me mogelegvis skulda oss sjølve. I det nokon seier noko som er litt utanfor boksen, så sagnar me dei ned i runde nummer to, problematiserer og leitar etter ein konflikt. Då er det forståeleg at dei kvir seg for å seia noko anna enn det heilt sikre. Men eg skulle nok sett at dei kunne ha slappa litt meir av.

KJARTAN HELLEVE

FAVORITTAR

TV-programmet:

Eg må nesten seia Sportsrevyen.

Radioprogram:

Høyrrer mest på PI Østlandssendingen, kosar meg med Ukeslutt og Pils.

Nettside:

Twitter

Kaffimat:

Mjølkekake

– Eg eg kan ta meg i å sakna eit skikkeleg referat.

– Det var heilt uaktuelt å bruka noko anna enn nynorsk, seier manusforfattar og serieskapar
Kjersti Wøien Håland.

–Ikkje noko val

Det er to ting som særmerker Firda vidaregåande skule på Sandane. For det fyrste må veldig mange av elevane flytte til Sandane og for fyrste gong bu for seg sjølv. For det andre er skulen den einaste i Sogn og Fjordane med dans, musikk og drama som linjeval. Det gjev eit perfekt utgangspunkt for ein tv-serie, tenkte serieskapar Kjersti Wøien Håland. No kan norske tv- og internettsjåarar kunne følgje *Lovleg*, og Gunnhild sine meir eller mindre klomsete steg inn i vaksenverda.

– Miljøet ved Firda er ganske unikt, seier Kjersti Wøien Håland, som sjølv har vore elev ved skulen.

– På grunn av samansetninga av linjer ved skulen er det mange elevar som byrjar der for å dyrke sine interesser. Det gjer at miljøet er prega av at ein kan vere veldig ulike og fort-satt leve saman.

– *Kvifor er dette eit så godt utgangspunkt?*

– Eg ville gjerne skrive ein serie med karakterar som ikkje berre er heilt mainstream, men ein miks av ulik ungdom med ulike interesser. Ved å gjere skulen og bygda relativt nøytrale som arena, så gjev det rom for både gode og dårlege erfaringar. I utgangspunktet kan det vere heilt fantastisk å flytte til Sandane og byrje på Firda, men noko må stå på spel også. Om ikkje blir det ikkje særleg med dramatikkk.

– *Så kor mykje av dette har du opplevd sjølv?*

– Heile ideen kjem frå mi tid på skulen, eg flytta dit då eg var femten. Men skulen har endra seg mykje sidan den gong, og karakterane i *Lovleg* er ikkje folk eg gjekk på skule med. Dei er sett saman av ulike typar eg ville ha med i historia. Det var t.d. viktig å ha med karakterar frå dei ulike faglinjene.

– *Var det aktuelt å filme serien ein annan stad enn på Firda?*

– Eigentleg ikkje. Det kunne sikkert vore teoretisk mogleg, men eg kan ikkje sjå kva me ville ha vunne på å ha dikta opp ein stad. Då er det enklare å sjå føremonner med å filme ein konkret stad.

– *Serien vart tidleg samanlikna med Skam. Kor komfortabel er du med det?*

– Det var ikkje overraskande. Me lagar ein serie i same formatet som den mest suksessfulle serien i Noreg, så noko anna var ikkje å vente. Det kunne ha vore ein stor skugge å kome ut av, men eg tenkjer at det også var frigjerande. *Skam* slo ned så mange veggar og braut så mange grenser at det ikkje er mogleg å kome opp på same nivå i nær framtid. Det har gitt oss ein fridom til finne vår eigen veg, gjere våre eigne ting.

– *Nokon har kalla Lovleg for Bygda-Skam.*

– Eg tykkjer *Skam* er så bra, at det tek eg



Kristine Rysdalsnes Horvli spelar Gunnhild. Til høgre: Kjersti Wøien Håland

berre som ein kompliment. Men du skal ikkje sjå lenge på vår serie for å finne ut at me er noko anna. Å berre overføre Skam-universet til bygda hadde nok ikkje fungert.

– *Der Skam hadde klare politiske problemstillingar, er moglegvis den klåraste budskapen i Lovleg språkpolitisk.*

– *Skam* hadde jo klare tema for kvar sesong. Me driv fortsatt å publiserer *Lovleg* så det er nok lettare å gå innpå kva budskapen er når heile sesongen ligg ute. Eg vil ikkje seie at serien har ein språkpolitisk budskap utover det at den er satt til Sogn og Fjordane. Det er ikkje eit statement for meg å skrive nynorsk, det er heilt naturleg. Når serien og heile ideen er sett til Sandane, var det heilt uaktuelt å

bruke noko anna enn nynorsk.

– *Kor nøgd er du med sluttresultatet?*

– Eg er veldig nøgd. Noko av det kjekkaste er å sjå korleis andre i det kreative teamet har teke tak i ideen og tilført sitt særpreg. Når eg ser serien, så ser eg mykje skaparglede. Og det er noko eg kjenner att frå då eg gjekk på Firda. Ei glede av å skape noko saman.

KJARTAN HELLEVE



FOTO: TORBJØRN SUNDAL HOLEN

Er det rett at staten sponsar ei gratis nett- avis?

Skal NRK bruke ressursane sine på å dekkje NM i korps eller skal dei laga *Nytt på Nytt*?

Forskar Helle Sjøvaag har sett nærare på kvar NRK plasserer seg i medielandskapet.

I 1992 markerte TV 2 slutten på kringkastingsmonopolet. Sidan har ordskiftet om kva NRK skal vera gått sin gang. Grovt sett kan ein summere dette ordskiftet med eit spørsmål: er det rett av staten å finansiera ein tv-kanal?

I eit par ti-år var det lett å svara ja på dette spørsmålet. Sjølv om kanalen vart skulda for å ikkje vera heilt politisk nøytral, var det berre dei mest innbitte liberalistane som meinte at statskanalen burde leggjast ned. Men utover 2010-talet endra dette seg. Grunnen var at dei tradisjonelle media hadde møtt motbakken. Opplagstala gjekk ned og annonseinntektene forsvann. Lesarane var blitt vane med å lesa nyhenda gratis, men avisene forstod at dei ikkje kunne halda fram med å gje frå det einaste dei kunne selja. Betalingsmurar dukka opp.

Samstundes hadde NRK bygd opp si eiga nettavis, og dei private aktørane skulda no NRK for å undergrava marknaden. Ingen ville vel betala for å lesa nyhende på Aftenposten om dei kunne lesa dei gratis hjå NRK?

Ein politisk prosess tok til. Sidan 2015 har det kome to stortingsmeldingar om NRK, som bae ser nærare

– Eg er heilt sikker på at det er grupper her i landet som heilt legitimt kan seia at NRK ikkje bryr seg om dei.



FOTO:UIS

på korleis NRK høver inn i den nye mediekvardagen og om kor vidt dei har fått ein altfor sterk posisjon i marknaden. I tillegg måtte styresmaktene leggje nye rammer for dei kommersielle allmennkringkastarane. Til slutt forstod det politiske miljøet og næringa at dette vart eit meir djuptpløyande spørsmål, noko som ikkje kunne haldast utanfor den andre politikken på mediefeltet. I 2017 byrja difor arbeidet med ein NOU: «Det norske mediemangfoldet». I tillegg har det blitt sett i gang eit arbeid for å endra lova om kringkasting.

Som ein del av dette utgreiingsarbeidet, bad Kulturdepartementet Medietilsynet om å laga ein eigen rapport om NRK. Fleire eksterne analysar måtte til. Helle Sjøvaag, professor ved Universitetet i Stavanger, samanlikna saman med Truls André Pedersen ved Universitetet i Bergen NRK med 160 andre aktørarar i det norske nyhendelandskapet. Resultatet vart rapporten «NRKs bidrag til mediemangfoldet.»

NOKO FOR ALLE

– Når eg vurderer NRK er det ut ifrå NRK-plakaten, der intensjonen med verksemda er definert. Målet var å finna ut om kor vidt dei måla blir nådd. Plakaten seier NRK skal bidra til ein allmenn samtale og til å stø opp om demokratiet. Dei skal femne breidda og dei skal dekkje det heilt smale. Dei aller fleste er samde om at NRK skal bry seg om det smale, men i kva grad skal dei vera ein breiddekanal?

– Ser du at dei heller den eine eller andre vegen?

– Det er ingen tvil om at NRK har hatt godt av at det har kome konkurrerande kanalar, og dei har kome seg vekk ifrå det særaste. Dei siste åra har dei

prioritert vekk det dyraste sportstilbodet, t.d. Premier League. Men eg er heilt sikker på at det er grupper her i landet som heilt legitimt kan seia at NRK ikkje bryr seg om dei. Eit av funna våre er at NRK siktar seg inn på det allmenne, det ein kan kalla midten av marknaden. Det skal vera noko for alle.

JOURNALISTISK GRUNNFJELL

Rapporten syner at i den grad NRK liknar på andre mediekkanalar, handlar det om at norsk media har ei sams forståing for samfunnsoppdraget.

– Det finst eit grunnfjell i norsk journalistikk, fortel Sjøvaag.

– Alle bryr seg om ulykker, beredskap, liv og helse. Dessutan er dei aller fleste opptekne av å gå styresmaktene etter i saumane. Norsk journalistikk er homogen og veldig profesjonell. Det gjer at mange avisene liknar på kvarandre, og det er også grunnen til at NRK bryr seg om mykje av det same som dei andre kanalane.

– Kvar er det NRK skil seg ut?

– Der dei skil seg mest ut er dekkinga av distrikta. Mykje av stoffet på NRK.no kjem frå distriktskontora, og nettsida gjev ein perfekt plattform for dette stoffet. Her fyller

– Om ikkje NRK.no er ei ope nettavis, bryt ein med prinsippet om at ein skal nå ut til alle.

NRK eit hol i mangfaldet, då det er relativt lite regional journalistikk i Noreg. Dei er også flinke til å halda seg vekke frå det heilt lokale, slik at dei ikkje tråkkar i bedet til lokalavisene.

– *Kven er dei mest lik?*

– Aftenposten har hevda at NRK si nettavis ligg for tett opp til deira eiga, og det har dei nok grunn til å hevda. Men eg trur det helst skuldast at både dei og NRK prøver å leggja seg midt i løypa og nå det allmenne publikummet. Det er også litt underleg av Aftenposten å venta at det ikkje skal vera ein konkurrent akkurat i det området.

LEVANDE ORDSKIFTE VIKTIGAST

– *I sommar gjekk fleire leiarar for private medieverksemder og prøvde å undergrava konklusjonane til Medietilsynet. Har dei grunn til å vera sure på NRK?*

– Deira teori er at om NRK sluttar med nettavis eller lagar ein slags betalingsmur, vil lesarane koma over til dei andre avisene som også har betalingsløysingar. Men dette veit me ikkje. Det er godt mogleg at lesarane vel å bruka pengane sine på heilt andre ting og plattformer. Spørsmålet om korleis ein best kan regulera NRK handlar om å finna den beste løysinga for borgarane som har betalt for tenesta. Om ikkje NRK.no er ei ope nettavis, bryt ein med prinsippet om at ein skal nå ut til alle, seier Sjøvaag, som likevel understrekar at det må takast omsyn.

– Ein får ikkje eit levande offentleg ordskifte utan private og kommersielle aktørar. Difor må mediepolitikk også innehalde eit næringsperspektiv. Modellen med ei blanding mellom offentlege og private aktørar har lenge fungert godt. Når no dei private aktørane kjem under press, har NRK blitt ei skyteskive. Men eg er ikkje sikker på om det er den

rette skyteskiva, seier ho.

Sjøvaag seier at dette er problemstillingar ein slit med over heile Europa. Medievanane endrar seg raskt, og det er ikkje lenger sikkert kva som er den beste måten å nå publikum på. Samstundes er medieverka i Noreg det ein kallar kooperativ. Det vil seia at næringa sjølv har stor makt, og at politikken på feltet blir utforma i samarbeid mellom næringa og styresmaktene. Men konsekvensen er at endringane går seint og kjem sakte.

– Eg er oppteken av at folk skal ha tilgang til nyhende og eit opplyst ordskifte gjennom ein lett tilgjengeleg og brukarvenleg kanal. Om kor vidt det er NRK som skal gjera denne jobben er ikkje det sentrale. Og betalingsmurar skapar informasjonskløfter. Det er ikkje alle som tek seg råd til å kjøpa aviser. Eit døme her er svenske Dagens Nyheter, som tok ned murane sin under valkampen i Sverige. Dei ville at folk skulle få lesa avisa gratis. Det syner kva som står på spel. Det syner kvifor mangfaldsregulering og allmennkringkasting er ein bra ting, seier Sjøvaag.

KJARTAN HELLEVE

Eldsjela Olga Meyer (1930-2018)

Eg visste ikkje kva ei eldsjel var før eg møtte Olga Meyer, og eg har aldri møtt maken. Ho brann for kvardagsmenneske, folkeopplysing, bygdefolk, kvinnesak, norske ku- og sauerasar, NRK P2 til Trondheim, distriktskontora i NRK og mykje anna. Men mest av alt for nynorsken.



FOTO: KAROLINE HJORT

Olga Meyer har hatt svært mykje å seie for nynorsken i NRK, både som programskapar, talentspeidar og ihuga forkjempar. Ho skjønte at det var viktig for framtida til nynorsken at han vart brukt i NRK, og minna dagstøtt om at det skulle vere minst 25 prosent nynorsk her. Kva ho har tolt av spit, skit og motbør kan vi berre ane, vi som tykkjer det er nok att, sjølv i dag.

Olga kvidde seg ikkje for å strame opp kven det skulle vere, og vart sikkert sett på som ei plage av mange. Men ho gav seg aldri, og der andre ville blitt motlause og sure, var Olga like blid og pågåande. Ho kunne mase så du heldt på å bli sprø, men med den milde røysta, den gode viljen og stå-på-evna fekk ho mange med seg. Eg trur mange undervurderte Olga Meyer si kraft til å påverke.

Det var ikkje så mange kvinner i journalistikken på 1970-talet, og det tykte Olga var gale. Så ho leita medvite etter kvinner som brukte nynorsk. Nynorskbrukarane var som oftast bygdefolk. Det var det òg for få av i journalistikken og NRK, meinte Olga. Ho las lokal- og riksaviser, hørde på distriktsprogram når ho reiste rundt i landet, og merka seg nynorskfolk – både kvinner og menn - ho

kunne gripe tak i. Til NRK eller ei avis som «trong» slike.

Eg hadde vore om lag to veker i Nationen, hausten 1975, då eg fekk telefon frå Olga Meyer: - Kvifor har du ikkje søkt som stipendiat i NRK? Ho gjekk rett på sak, og med den milde røysta gav ho meg nærmast beskjed om at eg hadde å

søkje neste gong det vart lyst etter nynorskstipendiat i NRK. Det vart aldri til at eg gjorde det, men eg hamna likevel i NRK. Ho sende meg utlysingar av jobbar i NRK og det var ikkje måte på kva ho meinte eg var kvalifisert for. Det eg sjølv mangla i sjølvtilitt hadde Olga, på mine vegne. INGEN var stoltare og lukkelegare enn Olga den dagen eg vart tilsett som distriktssjef i NRK Sogn og Fjordane i 1990. Det kom den rosebuketten på døra, med varme helsingar frå Olga. Slik dreiv ho på, med langt fleire enn meg. Ho såg oss, oppmuntra, masa og trudde på oss - og var eit heilt lite rekrutteringstiltak åleine.

Heldigvis rakk Olga å oppleve at NRK Nynorsk mediesenter (2004) kom i gang før sjukdom og sviaktande minne råka henne. Det gledde henne stort. No er hennar stadige leiting etter nynorskbrukarar som kan bli journalistar, sett i system. Med ti nynorskpraktikantar i året, både i NRK og i avishuset Firda, begge opplæringstiltaka er i Førde.

Vi er mange nynorskbrukarar i NRK som står på skuldrane til Olga Meyer, og kan takke henne for at ho gjekk føre og gjorde det lettare å vere oss. Kvil i fred, gode Olga.

MAGNI ØVREBOTTEN

“Fit’s Gaan O

Skotskbrukarar i Skottland ser langt etter språket sitt i media. Éin gong i månaden kan dei laste ned ein podkast om skotsk kultur – på skotsk.

Ein gong verdas største stormakt – Storbritannia, har over tid vove inn britisk kultur, politikk og språk, i den skotske kulturen. Dette har gjort at skotsk språk har blitt eit minoritetsspråk.

For gjengen bak Scots Radio er dette viktig. Dei har som mål å vise fram at det skotske minoritetsspråket Scots, kan brukast på ein god måte.

VISER MANGFALDET

– Føremålet med Scots Radio er å gje språkinteresserte noko å høyra på slik at folk kan lytte til skotsk som kva som helst språk på radio, seier James Puchowski, som er frå Skottland og forskar på skotsk språkaktivisme.

Det skotske språket Scots er hovudsakleg eit talespråk, med mange lokale dialektar. Og for Scots Radio er det eit poeng å vise fram dette mangfaldet.

– Dialektene og skilnadane mellom dei blir framheva og illustrerte ved å invitere folk og talarar frå ulike kantar av landet, seier Puchowski.

Ein viktig del av den noverande språk-



aktivismen mellom skotskbrukarar er litteratur og poesi – dette merkar også lyttarane når dei høyrer episodane.

SKRIV TALEMÅL

Kva rolle skotsk har mellom dei andre språka i landet er vanskeleg å seie sikkert, ifølgje Puchowski. Men han reknar at det er under ein tredel av folket i landet som er skotskbrukarar. Det finst ikkje heilt sikre tal på mange i Skottland som brukar det skotske språket, mellom anna fordi det skotske språket ofte blir blanda inn i skottar sitt engelske språk.

Men skotsk engelsk er ikkje det same som scots, sjølv om mange ord kanskje kan likne. Det er mange ord, frasar, meiningar og grammatikk som berre finst i det skotske språket.

– Det finst ikkje noko formalisert offisiell skriftleg form av språket. Dei som skriv på skotsk føretrekkjer for det meste å bruka talemålet sitt som døme når dei skriv, seier Puchowski.

n”



MANGLAR PÅ ETEREN

Ser ein på TV eller høyrer radio i Skottland, høyrer ein sjeldan det skotske språket. Vanlegvis heller ikkje når ein les avisa.

– BBC har ikkje nokon plan for å ha skotsk i sendingane sine. Når nokon brukar skotsk på TV, er det ofte som ein del av ein komedie eller noko slikt.

Nyhende på gælisk finst, og det finst også ein kanal som heiter BBC Alba som sender innhald på gælisk. Det er òg andre formar for radio på gælisk

over heile landet.

– BBC gjer ingenting for å handsame det skotske språket på lik line med engelsk og gælisk. Av og til kan ein lese artiklar og spaltar på skotsk i nokre få skotske aviser, men det er ofte fordi den som skriv er kunstnar, diktar eller forfattar som er kjend for skotskbruken sin, seier Puchowski.

SJØLVSTENDEAVIS

Derfor har skotskbrukarar ein enkel podkast som nesten den einaste kjelda til medieinnhald på skotsk. Eitt unntak er den nye avisa The National, som vart lansert etter sjølvstendeavstemminga i 2014.

– Denne avisa har prøvd å trykkje minst éi sak på gælisk eller skotsk kvar dag, sjølv om resten av avisa er på engelsk, seier Puchowski.

MATTIAS ROLIGHED BERGSET

KIRAN
KLÆBO • RIVEDAL
MYKLEBUST • MEYER
LUNNAN • BRAUTESET
MUNDHEIM • HOVIG • HALS
ØSTREM • LIE • RISTE
LOHNE • BREKKEN
BRUASET • FJØRTOFT
SØRBØ • VERSTO • BØ
BRYN • TEIGENE • MANNES
REE • MOLVÆR • HJELTNES
ROTEVATN • KALVØ
BØE • STENVOLD • TEIGE
SYED • SKIEN • SANDØY
BERGE • SOLHEIM
NORHEIM • NRK SUPER
RIISE • LOGNVIK

Har du ein kandidat Kringkastings- prisen?

Kringkastingsprisen er ei utmerking som har vore delt ut kvart år sidan 1978. Ho går til ein person i media som utmerkar seg med god språkføring. Prismottakarane har nytta anten nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet.

Har du framlegg til kven som fortener denne utmerkinga for 2018?

Send framlegget til
post@kringkastingringen.no
innan 10. november.
Legg med ei lita grunngjeving.



REPRISE

FOTO: ANNE LIV EKROLL/NRK

VESTAVIND

Fortvilginga var stor då eg i sommar forstod at eg har gått rundt med eit svart hol i min allmenndannelse. Eg hadde ikkje sett Vestavind, NRK sitt store fjernsynsdrama frå 1994. Heldigvis hadde NRK tilgjengeliggjort serien i sin heilskap via nettsidene sine, og dansesreisea mi kunne byrje. Og eg har ikkje sett meg attende!

For dei som treng ei oppfrisking eller framleis sit der i mørkret kan eg kort fortelje at denne serien har alt eg ser etter i eit godt drama. Serien utspeler frå slutten av andre verdenskrig og fram til 1972 og følgjer eit knippe familiar som høyrer til ulike samfunnslag. Det er ein serie som trekkjer opp eit stort lerret og dei store kjenslene. Det er brytningstid der bondesamfunnet møter industrisamfunn i den fiktive tettstaden Lovranger (scenene herifrå vart spelt inn i Sauda) og det er brennande kjærleik mellom vestkant sjarmøren George og gardsjenta Agnes frå Nedrebø.

I første episode er det dans på ungdomshuset i Lovranger etter at krigen er over. På scena står kjekkasen George Ahlsen (Bjørn Skagestad) og trakterar saksofonen. Han fester blikket i Agnes (Hildegunn Riise) på dansegolvet, og soleis er det gjort. Etter den stormfulle natta reiser George vidare medan Agnes står att på tunet på Nedrebø. Etter kvart blir det klart at Agnes er med barn. Stikk i strid med ønska til foreldra på Nedrebø reiser Agnes til Oslo for å freiste lukka med å spore opp George. Det viser seg at George kjem frå ein finare familie på beste vestkant, og forvilkningane har berre so vidt byrja.

Serien har fleire openbare kvalitetar ved seg som gjer den verdt ein kikk. For det første så representerer serien ei milepæl i norsk

fjernsynshistorie. Serien var inspirert av den danske Matador og var storsatsing utan side-stykke for allmennkringkastaren. På manussida stod Kjartan Følgestad, Norvald Tveit, Torill Thorstad Hauger og Lars Saabye Christensen. På lista over skodespelarar finn ein Hildegunn Riise, Wenche Foss, Sven Nordin, Anne Marit Jacobsen og Dennis Storhøi for å nemne nokon. På den andre sida er det klart at serien er eit barn av si tid. Den har noko av dette litt oppstylda fjernsynsteatret preget over seg, men det kjem ein fort over etter nokre episodar.

For det var ikkje meir enn nokre episodar som skulle til før eg var heilt fanga i det store spelet mellom aust og vest, by og land. Som vestlending var det klart at eg identifiserte meg sterkt med Agnes (Hildegunn Riise). Det ordknappe samlivet mellom foreldra hennar på Nedrebø og den allvitande bestemora (Wenche Foss) ved veven var eit gjenkjenneleg motiv.

Med krinken-brillene på var det hjarteskjærande å høyre korleis Agnes knota og strevde med si vestlandske dialekt i hovudstaden før ho heilt la om til bymålet. Takke meg til, tenkte eg i sofakroken, så nedverdiggande! Då er det godt å kunne konstatere at noko har endra seg til det betre. Der dialektbrukarar tidlegare vart hetsa for målet sitt har dialektane fått sin renessanse. På andre vis tok eg meg sjølv i å lengte til dei enklare (men meir strevsamme) tidene som serien så fint portretterer. Hadde eg vore Agnes hadde eg aldri reist i frå Nedrebø, tenkte eg med handa langt ned i chipsposen. Eller hadde eg det? Eg kan uansett anbefale eit tilbakekast til Vestavind!

GURO KVALNES

KRYSS-ORD

Send anten heile kryssordet til Kringkastingsringen, Pb. 9161 Grønland, 0134 Oslo eller løysningssetninga til post@kringkastingsringen.no og bli med i trenikninga av flotte vinstar. Lukke til!

EINAR SØREIDE

Foto: Nina Aldin Thune

The crossword puzzle grid contains the following words and parts:

- Across:**
 - 1: PLATA
 - 2: LABILE
 - 3: SVEIPE TOKT
 - 4: TELLUR
 - 5: SJAKTER FUGL
 - 6: RETN-INCANE
 - 7: UT-KAST
 - 8: ESS
 - 9: MAGMA-PREP.
 - 10: PROMMER PARTI
 - 11: OL-BY
 - 12: PREP.
- Down:**
 - 1: TID. PRIS-VINNAR
 - 2: VÆST RETN.
 - 3: LEIAR LISTE
 - 4: SKIPA-NING
 - 5: BLANDAR INSEKT
 - 6: NAB.
 - 7: GRUNN TVEPR
 - 8: DYRA SENDT
 - 9: GARNE RENN
 - 10: SELEN
 - 11: SPARAR TAL
 - 12: KYRJE TIL-PASSA
 - 13: DRIKK FINSK INNSJØ
 - 14: DRIKK
 - 15: KAR KVINNE
 - 16: FISKANE KORT
 - 17: TAL ESSENS
 - 18: TIL SIDES AUGAR
 - 19: ARSEN MATTE
 - 20: BUNT KOMIKAR
 - 21: LIKE PAKK
 - 22: KITTA
 - 23: IDR-ARR.
 - 24: GAUL-EN
 - 25: RE-SPEKT
- Other words:**
 - 13: KURT FOSS OG REIDAR BAE
 - 14: NAB. I VINJE
 - 15: TID. PARTI-LEIAR
 - 16: NYN-KOMM.
 - 17: NYN-KOMM.
 - 18: NYN-KOMM.
 - 19: NYN-KOMM.
 - 20: NYN-KOMM.
 - 21: NYN-KOMM.
 - 22: NYN-KOMM.
 - 23: NYN-KOMM.
 - 24: NYN-KOMM.
 - 25: NYN-KOMM.

RETUR:

Kringkastingsringen

Pb. 9161 Grønland

0134 Oslo



25%

